

# Stord-Fitjar Turlag

Lokallag av Bergen og Hordaland Turlag

## §1 Formål

Stord-Fitjar Turlag er eit lokallag av Bergen og Hordaland Turlag og samordnar verksemda si med Bergen og Hordaland Turlag. Stord-Fitjar Turlag skal bidra til eit aktivt og sikkert, enkelt og naturvennleg friluftsliv på område i tilknytning til Stord-Fitjar Turlag si verksemd.

## §2 Arbeidsområde og medlemsområde

Stord-Fitjar Turlag inngår avtale med Bergen og Hordaland Turlag der organisatoriske forhold, gjensidige forpliktingar og medlemsområdet frå lokallaget og verkeområde er gitt.

Medlemer av laget er alle som er medlemer av Bergen og Hordaland Turlag/DNT innanfor det avtalte medlemsområdet.

Medlemskontingenten vert fastsett av Bergen og Hordaland Turlag.

Medlemskontingenten vert fordelt mellom Stord-Fitjar Turlag, Bergen og Hordaland Turlag og DNT sentralt etter ein fastsett fordelingsnøkkel.

## §3 Årsmøte

Årsmøte vert halde innan utgangen av februar, og vert innkalla på lokallaget si nettside. Det blir kalla inn med minst 14 dagars varsel.

Framlegg til årsmøte må vere styret i hende innan utgangen av desember.

Berre saker som er nemnde i innkallinga kan behandlast på årsmøtet.

Årsmøtedokumenta skal vera tilgjengeleg på lokallaget si nettside frå det tidspunktet årsmøtet er kunngjort. Papirformat kan delast ut på årsmøtet.

Årsmøtet handsamar:

- 1) Årsmelding
- 2) Revidert rekneskap\*
- 3) Framsette forslag
- 4) Val på:
  - Leiar for 1 år
  - Kasserar
  - Sekretær
  - 2 styremedlemer
  - 2 varamedlemmer
- 5) Revisor for 1 år
- 6) Valkomitémedlemer for 3 år

For medlemer som ikkje har moglegheit til å stille på årsmøtet er det mogleg å gi stemmeretten til andre medlem som er til stades på årsmøtet. Dette må i så fall gjerast skriftleg, og skriftleg løyve må takast med på årsmøte.

Alle medlemer frå 15 år og eldre er røysteføre.

Styret legg fram budsjett til orientering.

Årsmøtepapir vert oversende til Bergen og Hordaland Turlag etter behandling.

\*Det er ikkje krav til autorisert revisor.

#### **§4 Ekstraordinært årsmøte**

Etter vedtak i styret eller etter skriftleg krav frå minst 10% av medlemmene kan det haldast ekstraordinært årsmøte.

Det vert kalla inn med minst 14 dagars varsel. I innkallinga kjem det fram kva saker som skal handsamast. Dokumenta skal vera tilgjengeleg frå det tidspunktet møtet er kunngjort.

#### **§5 Styret**

Stord-Fitjar Turlag blir leia av eit styre.

Styret består av 5 personar som vert valt av årsmøtet, og består av styreleiar, kasserer, sekretær, 2 styremedlemmer, samt 2 varamedlemmer. Utgangspunktet for fordeling av plassar i styret er 3 fra Stord og 2 fra Fitjar. Varamedlemmer veljast 1 frå kvar kommune.

Årsmøtet kan velje å avvike frå dette.

Styreleiar kan veljast att på årsmøte for 1 år av gongen. Resten av styremedlemene kan veljast att på årsmøte for 2 år av gongen.

Nestleiar vert valt blant styremedlemene ved konstitueringa av styret.

Leiar av kvar av undergruppestyra har møterett og talerett i styret.

Medlemer av styret kan utan avbrot ha same årsmøtevalte tillitsverv i maksimalt i 8 år.

Styret skal sørge for forsvarleg organisering av lokallaget.

Styret blir kalla inn av leiaren i styret eller av 2 styremedlemer i fellesskap.

Styret kan gjere vedtak når minst 50% + 1 medlemmar stemmer for vedtaket.

Styreleiar saman med eit styremedlem forpliktar Stord-Fitjar Turlag med underskrifta si.

#### **§6 Undergrupper og arbeidsgrupper**

Til å hjelpe seg med arbeidet kan styret utnemna grupper og arbeidsgrupper. Undergruppene og arbeidsgruppene er ansvarleg overfor styret. Styret utnemner medlemer til gruppene og arbeidsgruppene innan utgangen av mars kvart år.

## §7 Valkomit 

Valkomiteen består av 3 medlemmer. Begge kommunar skal v re representert i valgkomiteen.

 rsm tet vel 3 medlemmer og eitt varamedlem for 3  r.

Valkomiteen vel sj lv leiaren sin for eitt  r.

Valkomiteen skal fremje forslag p  kandidatar til f lgjande tillitsverv:

- Styreleiar
- Kasserar
- Sekret r
- 2 styremedlemmer
- 2 varamedlemmer

Framlegg til kandidatar kan setjast fram av medlemmer av laget fr  det  ret medlemmen fyller 15  r.

Seinast 14 dagar f r  rsm tet skal valkomiteen leggje fram lista si over kandidatar for kommande val.

## §8 Vedtektsendring

Endring av vedtektene vert gjort av minst 2/3 av dei framm tte p   rsm tet. Forslag p  vedtektsendring m  f rst ha vore til uttale i styret i Bergen og Hordaland Turlag. Forslag p  vedtektsendringar m  vere styret i hende innan utgangen av desember.

## §9 Oppl ysing

Oppl ysing av Stord-Fitjar Turlag m  vedtakast av to  rsm te og minst 3/4 av dei framm tte p   rsm tet og ekstraordin rt  rsm te m  r yste for oppl ysing. Ved oppl ysing vert formue og eigedelar overf rt til laget til Bergen og Hordaland Turlag.

 rsm tet, 06.03.24